

PLAN FOR PSYKOSOSIALE TILTAK 2023 – 2026

Vedteke i kommunestyret den 20.10.2022



HÅ

KOMMUNE

Innhald

Bakgrunn.....	2
Lovgrunnlaget.....	2
Målsetting.....	2
Perspektiv	2
Om planen	2
Om kriseteamet.....	2
Kontaktdetaljar kriseteamet.....	2
Visjon og mål.....	3
Kva er psykososiale tiltak?	3
Psykososiale tiltak for tilsette	3
Psykososialt kriseteam, kommunal kriseleing og ordinære teneste	3
Tidskrav	3
Samlingar	3
Når skal kriseteamet nyttast?	4
Organisering av kriseteamet	5
Ansvar – leiar av kriseteamet	5
Fullmakt leiar av kriseteamet	5
Oppgåver	5
Vaktansvar	5
Aktivering av kriseteamet	5
Dokumentasjon	5
Teieplikt og samtykke.....	6
Opplysningsplikt.....	6
Økonomi	6
Presse og media	6
Evaluering av hendingar og oppfølging av medlemmane i kriseteamet	6
Samarbeid med andre	7
Referansar	8

Bakgrunn

Lovgrunnlaget

Lov om helsetenester i kommunane sikrar dei som bur i kommunen rett til naudsynt helsehjelp.

Lov om helsemessig og sosial beredskap, Lov om helsepersonell og Lov om barneverntenester er viktige lovar for arbeidet i situasjonar som krev psykososiale tiltak.

I situasjonar der det er behov for psykososiale tiltak er det kriseteamet som sikrar dette.

Målsetting

Kriseteamet skal sikra alle som bur i kommunen, eller andre som oppheld seg i kommunen, naudsynte psykososiale tiltak i krisesituasjonar.

Kriseteamet skal ta kontakt med dei som er råka på eit tidleg tidspunkt for redusera skadevirkningar av hendinga og førebygga utvikling av psykisk lidning. Den råka får ein kontaktperson i kommunen.

Perspektiv

Kriseteamet arbeider ut i frå eit perspektiv som seier at ein skal sjå den/dei kriseramma som heile menneske som kan trenga ulike typar hjelp. Hjelpa skal vera tilpassa hendinga, og vera individuelt tilrettelagd for dei det gjeld. Samtidig skal ein ta omsyn til den einskilde familien/gruppa og deira behov. All hjelp skal verta gitt med respekt og fleksibilitet.

Sorg skal ikkje behandlast, men gjennomlevast. For einskilde, og i spesielle krisesituasjonar, kan det likevel vera naudsynt med, eller ynskje om tiltak frå kriseteamet.

Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå i kommunen. Ordinære tenestar brukast der det er formålstenleg.

Om planen

Plan for psykososiale tiltak er ein delplan til helse- og sosial sin plan for helsemessig og sosial beredskap.

Planen skal reviderast kvart 4. år. Planen er laga ut i frå kommunen sine risiko- og sårbarheitsanalysar.

Plan for psykososiale tiltak skal ligga tilgjengeleg på kommunens nettsider og i kommunen sitt kvalitetssystem.

Den vert i tillegg sendt til:

- Statsforvaltaren i Rogaland
- Politikontakten i Hå
- Helse Stavanger HF – AMK
- Jæren DPS

Om kriseteamet

Kriseteamet er primært eit helseteam som tilbyr psykososiale tiltak i krisesituasjonar.

Kontaktdetaljar kriseteamet

Liste med oversikt over medlemmane i teamet med kontaktdetaljar, vert lagt i kommunen sitt elektroniske sakshandsamingssystem og i kvalitetssystemet.

I tillegg skal lista vera tilgjengeleg for legevakta/ansvarlege for legevakttelefonen/ legekontora i kommunen og servicetorget.

Medlemmar i kriseteamet

- Leiar psykisk helse og rusvern, leiar av teamet
- Representant frå psykisk helse og rusvern, nestleiar
- Representant frå Familiesenteret
- Representant frå legevakta
- Representant frå helsestasjonstenesta
- Representant frå legetenesta
- Representant frå kyrkja
- Representant frå opplæring og kultur

Ut over dei faste medlemmane står leiar for psykisk helse og rusvern fritt til å kalla inn andre fagpersonar ved behov.

Visjon og mål

Kommunen sin visjon om å løfta i lag er styrande for arbeidet i kriseteamet. Teamet er tverrfagleg og vil supplera med naudsynt kompetanse ved behov.

Målet med det psykososiale arbeidet er å skapa trygghet og dempa uro, bidra til meistring, samhörighet og håp, ivareta brukarmedverking i tiltaka, og stimulera til aktiv bruk av sosiale nettverk.

Kva er psykososiale tiltak?

Helsedirektoratet definerer i veilederen Mestring, samhörighet og håp, psykososiale tiltak som «...en fellesbetegnelse på forhold som omhandler psykologiske forhold av sosial betydning, og sosiale forhold av psykologisk betydning».

Målet med psykososiale tiltak er å normalisera situasjonen, mobilisera dei som er råka sine nettverk og redusera psykiske, rusrelaterte, fysiske og sosiale problem.

Psykososiale tiltak i krisesituasjonar kan vera:

- å sikra grunnleggande behov.
- å styrka tilliten til eiga evne, og samfunnet si evne til å handtera situasjonen.
- å leggja til rette for menneskeleg kontakt.
- å hjelpa med ulike stressreaksjonar.
- å styrka kjensla om håp. (RVTS Øst, 2020)

Psykososiale tiltak for tilsette

Det er laga eiga rutine for handtering av behov tilsette i kommunen kan ha for psykososiale tiltak. Denne ligg i kommunen sitt kvalitetssystem.

Psykososialt kriseteam, kommunal kriseleing og ordinære teneste

Kriseteamet skal så raskt som råd leggja ned si aktivitet, og la ordinære tenester overta. Dersom dei som er råka kan få den hjelpa dei treng i det ordinære tenesteapparatet, skal kriseteamet sikra at det vert oppretta kontakt og at dei aktuelle tenestene tek over ansvaret for situasjonen og vidare oppfølging.

Om hendinga er svært alvorleg, eller har stort omfang, vil den kommunale beredskapsplanen setjast i verk.

Tidskrav

Kriseteamet vil ofte kunna vera i beredskap innan ein time, gitt at dei er i distriktet. Det er eit mål at dei som treng hjelp av kriseteamet, skal ha fått dette innan 12 timar etter hendinga.


Samlingar

Kriseteamet kan delta på samlingar for pårørende og andre som er råka av hendingar. Kriseteamet har ikkje ansvar for å organisera slike samlingar.

Når skal kriseteamet nyttast?

Kriseteamet må vurderer alle situasjonar enkeltvis. Aktivering av kriseteamet skal vurderast opp mot korleis ordinære tenester kan stilla opp.

Figur 1: Aktivering av psykososiale kriseteam



(Helsedirektoratet, 2016)

Eksempel på hendingar der kriseteamet kan nyttast:

- Ved sjølv mord i nær familie/vennekrets/på arbeidsplassen
- Sjølv mord der barn og unge er råka eller involverte
- Drap, terroraksjonar eller massedrap
- Naturkatastrofar, storbrannar eller store ulykker
- Innbyggjarar frå Hå, som blir ramma av store ulykker/kriser på reise i utlandet, får oppfølging ved heimkomst.

Eksempel på hendingar der kriseteamet ikkje nyttast:

- Vurdering av personar i sjølv mordsfare
- Plutseleg spedbarnsdød
- Alvorlege sjukdommar/diagnosar
- Aktuell psykisk lidning eller rusavhengnad
- Berusa personar
- Oppfølging av pårørande med familiære påkjenningar i samband med psykisk lidning eller rusavhengnad.

Hendingar til vurdering:

- Alvorlege og uventa hendingar der spesielt barn og unge er råka eller involverte.
- Grupper av personar som har vore eksponerte for traumatiserande inntrykk, eller som har opplevd å vera truga på livet (ulykker, gisseldrama osv.)
- Sakna eller pårørande til sakna

Organisering av kriseteamet

Ansvar – leiar av kriseteamet

- Kalla inn teamet.
- Føra logg over teamet sitt arbeid.
- Etablera kontakt med politiet dersom det vert naudsynt.
- Varsla kommunalsjefen og kommuneoverlegen ved behov, og så raskt som råd.
- Etablera kontakt med kommunen si kriseleiiing dersom det vert naudsynt.
- Sikra at kontaktdetaljar er tilgjengeleg ved legevakta og kommunen sitt servicetorg.
- Hovudansvar for dokumentasjon.
- Vurdera behov for oppfylgning etter 3, 6 og 12 mnd.
- Ansvar for informasjonsflyt.
- Organisera møtepunkt, evaluering og oppdatering for kriseteamet.
- Sikra oppfylgning av medlemmane i kriseteamet – minst 1 oppfølging i etterkant av oppdrag.
- Sikra at dei som har bidrege i handteringa av ei hending vert samla, og at det vert avtala vidare oppfylgning ved behov.

Fullmakt leiar av kriseteamet

Leiar av kriseteamet har fullmakt til å setta i gang naudsynte tiltak, og nytta ressursar som situasjonen krev.

Oppgåver

Kriseteamet har ei koordinerande rolle i kommunen sitt arbeid med psykososial oppfylgning av individ og grupper.

Vanlege oppgåver for kriseteamet:

- ta i mot kjensler
- gje tryggleik
- styrka meistring
- styrka tilheling
- oppdaga dei som treng vidare oppfylgning
- vidare oppfylgning etter 3, 6 og 12 mnd.

Vaktansvar

Leiar av kriseteamet vert kontakta fyrst. Dersom leiar ikkje er tilgjengeleg, går ansvaret til nestleiar og vidare på lista dersom nestleiar heller ikkje er tilgjengeleg.

Aktivering av kriseteamet

Det er politiet og/eller legevakta (legekontora /daglegevakt Klepp på dagtid), som kan aktivera kriseteamet.

Kriseteamet vurderer om den aktuelle hendinga oppfyller kriteriene for aktivering av teamet.

Dokumentasjon

Plikta til å dokumentera er regulert i Helsepersonellova og journalforskrifta. Kriseteamet må vurdera i kvar sak, om det er dokumentasjonsplikt eller ikkje.

Naturlege reaksjonar skal ikkje dokumenterast, og det er berre det som er naudsynt som skal dokumenterast. Dokumentasjon og journalføring skal skje i den einssilde

hjelpemottakaren sin journal. Journalen skal opprettast i det journalsystemet den som ytt helsehjelpa arbeider i.

Registreringsskjema 1 og 2 (sjå vedlegg) vert nytta ved behov.

Teieplikt og samtykke

Dei som ytt helsehjelp i kraft av å vera i kommunen sitt kriseteam, har teieplikt etter Helsepersonellova. I tillegg kan medlemmane i teamet, eller andre som gjer arbeid i kriseteamet, ha teieplikt etter andre lovar. Alle som utfører tenester eller arbeid for kommunen har teieplikt etter forvaltningslova.

Opplysningsplikt

Kriseteamet har opplysningsplikt til naudetatar, barnevernstenesta, og plikt til å ta kontakt med andre kommunale tenester dersom den det gjeld gjev samtykke til dette.

Økonomi

Dersom teamet arbeider utanom ordinær arbeidstid løyser dette ut

utrykkingskompensasjon og overtid. Leiar i teamet tek avgjersler knytt til økonomi.

Presse og media

Det må verta avklart raskt kven som skal ta seg av presse og media. Sjå overordna beredskapsplan.

Leiar av kriseteamet bør vera frigjort til å fokusera på det faglege psykososiale arbeidet.


Dersom kriseteamet er i aksjon i situasjonar der den overordna beredskapen ikkje er i kraft, skal kommunalsjefen for helse og sosialsaker handtera media.

Evaluering av hendingar og oppfølging av medlemmane i kriseteamet

Teamet skal evaluera hendingar fortløpande.

Leiar kallar inn teamet til møter der hendingar vert evaluerte.

Ved behov skal medlemmane i kriseteamet få oppfølging i form av debriefing og/eller samtalar.



Samarbeid med andre

Jæren Distriktpsikiatriske Senter

Ved akutte private kriser hjå personar over 13 år, familiar eller andre avgrensa grupper.

Kan be om assistanse ved større hendingar.

Akutt-teamet vil alltid bistå kriseteamet.

BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)

Samarbeid ved behov i enkeltsaker der barn og unge er involvert.

Kan be om assistanse ved større hendingar.

Trussamfunn

For å finna aktuelle representantar for ulike trussamfunn kan teamet konsultera Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (www.trooglivssyn.no).

Kriseteamet har telefonnummeret til beredskapstelefon til prestar i regionen.

Andre kommunar

Dersom dei involverte er frå andre kommunar, skal kriseteamet varsle kommuneoverlegen eller legevakta i heimkommunen til den/dei råka.

Røde Kors

Helsedirektoratet har avtale med Røde Kors som mellom anna regulerer støttegruppeberedskap. Røde Kors gjev praktisk bistand til pårørande og overlevande for oppstart og drift av støttegrupper i etterkant av kriser, ulukker og katastrofar.

Andre samarbeidspartnarar

Familievernkontoret

Fagteam BUFETAT (Barne-, ungdoms- og familieetaten)

Brukarorganisasjonar

Referansar

Helsedirektoratet (2016). *Mestring, samhörighet og håp. Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer (IS-2428)*. Helsedirektoratet.

RVTS Øst (2020). *Hvordan gi psykologisk førstehjelp*. [Powerpoint lysbilder]
www.psykososialberedskap.no

Registreringsskjema 1

Detaljer om hendinga:	Dato:
------------------------------	--------------

Nr:	
Navn:	
Personnr:	Adresse:
Telefonnummer:	Pårørende:
Tilknytning til hendelsen:	
Notater	

Registreringsskjema 2

Nummer:	
Namn:	
Fødselsnummer:	
Telefonnummer:	
Tilknytning til hendinga:	
Evakuert:	
Pårørande:	

Nummer:	
Namn:	
Fødselsnummer:	
Telefonnummer:	
Tilknytning til hendinga:	
Evakuert:	
Pårørande:	

